



Einar Karlsen
Statsråd Sælensv. 6
5142 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4139 - 15/3303

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
19.02.2015

Søknad om dispensasjon på gbnr 6/23, 24 og 32

Det vert vist til Dykkar søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg til fritidshytte og bygging av tilkomstveg med parkering til gbnr 6/23, 24 og 32 på Ytre Brakstad motteke 03.11.2014 i Meland kommune. Saka vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune i brev datert 05.11.2014. Hordaland Fylkeskommune ved kultur varsla synfaring i saka. Synfaringa er gjennomført og det er ikkje motteke nokon merknader i saka. Administrasjonen forebereder eit saksframlegg for dispensasjon, og ser at det er naudsynt med ytterlegare opplysningar i saka. Vi ber om at det blir sendt inn/ gjort greie for:

- Det er ikkje innsendt vegprofilar av vegen, og breidde, skjæring og fylling er ikkje synt på teikningane. Ut i frå høgdekotane på kartet ser terrenget relativt flatt ut, men med ei stigning på +/- 2 meter. Det er ikkje naudsynt med ferdigprosjekterte teikningar for å behandle sjølve dispensasjonssøknaden, men tiltaket må vera tilstrekkeleg nok opplyst til at administrasjonen kan vurdere omfanget av inngrepet i terrenget.

Slik traseen er plassert på situasjonskartet, er den lagt på toppen av høgdekotane utan å ta særleg omsyn til tilpassing av terrenget, slik at skjæring og fylling blir minst mogeleg. Vegen er tenkt å gå over gbnr 6/3. Det må ligga føre erklæring frå nabo, der han gjer løyve for å leggje vegen over hans grunn.

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå LNF- område i kommuneplanen. I dag nyttar eigedommen biloppstillingsplass langs kommunal vegen, og administrasjonen vil vera positiv til å få vekk parkering langs vegen. Men administrasjonen vil be søkjar om å vurdere ei ny plassering av vegen der terrenginngrepet blir minst mogeleg samt at lengden blir redusert..

- Tilbygget som er innteikna er prosjektert med ei dobling av arealet som eksisterande hytte har i dag. Administrasjonen har ikkje tatt endeleg stilling til tiltaket men vil opplysa om at det er ein streng praksis på tilbygg/tiltak langs Rylandsvassdraget. Det er i tidlegare saker gitt avslag på tilbygg som er mindre enn det omsøkt tiltak er. Ei alterantiv plassering av tilbygget, lagt frå (i bakkant av hytta) Rylandsvassdraget bør vurderast. Administrasjonen råder Dykk til å begrunne dispensasjonssøknaden grundigare etter Plan- og bygningslova Kap. 19 der det kjem fram at

tiltaket har klart overvekt av fordelare enn ulemper ved ein dispensasjon. Dispensasjonssøknaden vil vera avgjerande for kommunen sin vurdering i saka.

Administrasjonen vil foreta ei synfaring av eigedommen når manglande dokumentasjon er innsendt. Saka vil takast opp til ordinær sakshandsaming når søknaden er komplett. Vi beklager saksbehandlingstida, men saken vil bli prioritert når naudsynt dokumentasjon er innsendt.

Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt ved nøyare gjennomgang.

Om noko skulle vera uklart, ta gjerne kontakt!

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Einar Karlsen

Statsråd Sælensv. 5142
6

FYLLINGSDALEN

Marit Holm Monsen for Einar
Karlsen

Bjørndalsvegen 52 5918

FREKHAUG